

# GRAVMINNER I GUDBRANDSDAL

Landslaget for kirkegårdskultur



**LANDSLAGET  
FOR  
KIRKEGÅRDS-  
KULTUR**

Landslaget for kirkegårds-kultur er en ideell organisasjon som arbeider for å fremme kirkegårds-kulturen i Norge. Dette gjøres gjennom utgivelse av KIRKEGÅRDSKULTUR og andre trykksaker til praktisk hjelp i kirkegårdsarbeidet. Det arrangeres kurs for kirkeverger og kirkegårdsarbeidere ulike steder i landet 2-3 ganger pr. år.

Kommuner, menighetsråd, firmaer, organisasjoner og privatpersoner kan være medlemmer i LFK. I 1996 er kontingenten:

Kommune o. 20000 innb. (inkl. 4 eks. av tidsskriftet)	kr.950
Kommune u. 20000 innb. (inkl. 3 eks. av tidsskriftet)	kr.475
Menighetsråd (inkl. 2 eks. av tidsskriftet)	kr.265
Firma/organisasjon	kr.265
Personlig medlem	kr.105

Landslaget ledes av et styre som velges i forbindelse med årlige fagdager. Sekretariatet tar hånd om den daglige drift og vil kunne gi nærmere opplysninger om organisasjonen:

**Landslaget for  
kirkegårds-kultur**  
3760 NESLANDSVATN  
TLF: 35 99 45 74  
FAX: 35 99 45 73

## GRAVMINNER I GUDBRANDSDAL

Utgitt av Landslaget for kirkegårds-kultur  
mai 1996

Redaktør: landskapsarkitekt Aud Wefald



INNHold	SIDE
Utviklinga av gravminne i Gudbrandsdalen v/ fylkeskonservator Arnfinn Engen .....	4
Prosjektet «GRAVMINNER I GUDBRANDSDAL» .....	12
Kleber .....	15
Ikke bare gravminner .....	16
Akantusmotivet .....	17
Bevaring av gravutstyr v/ kirkegårds-konsulent Helge Klingberg .....	18

## Gravminner i Gudbrandsdal



Gudbrandsdalen vurderes som den region i landet som har det mest særpregede gravutstyr på sine kirkegårder. Særpreget består i lokalt materiale: **kleberstein, trevirke, skifer og smijern** som er forarbeidet av lokale håndverkere og kunstnere. Dette heftet gir en presentasjon av prosjektet og Gudbrandsdalens vakre gravminner og kirkegårder.

# Utviklinga av gravminne i Gudbrandsdalen

v/ fylkeskonservator Arnfinn Engen

## SOSIALE SKILLE I GRAVSKIKKANE

Skikken med å sette eit minne på grava etter den som er død, er svært gamal i Norge. Somme av dei eldste kulturminna vi har, og i alle fall dei eldste skriftstykkja vi har, runesteinane, er gravminne over dei døde. Eit døme på dette er Einang-steinane frå Vestre Slidre i Valdres, ein bautastein frå 400-tallet som er reist på ein haug i eit stort gravfelt. I diktet Håvamål som også er frå førkristen tid er skikken med bautasteinar over dei døde nemd: «Son er kjær-fengd, um seint komen etter faren for. Sjeldan bautasteinar nær brauti stend utan fendar dei reist».

Men på denne tida var det berre storfolk som fekk reist gravminne over seg, og slik skulle det halde fram med å vere i mange hundre år. Også etter at kristendommen kom, var det berre unn-taksvis at dei døde fekk eit minne på grava. Og gravminnet kunne da vere sett der like mykje for å minne om dei ideane, eller den saka den døde sto for, som for å minne om den døde sjølv.

Dei sosiale skilla som regjerte liva til dei levande, synte seg også godt etter døden. Dette kom til uttrykk ikkje berre når det galdt gravminne, men også når det galdt kvar dei døde vart gravlagde. Det gjevaste var å bli gravlagt inne i kyrkja, først oppe i koret, sidan nedover skip og tverrskip. Dei meir anonyme vart lagde ute på kyrkjegarden. Her var der størst ære å få ligge under takdropet, og låkast var det å ligge langt nord på kyrkjegarden. Brotsmen og sjølv-mordarar fekk ikkje eingong ligge i innvigd jord, men vart gravlagde utanfor kyrkjegarden.

## DEI ELDSTE TYPENE

Av førreformatoriske kristne gravminne finst det svært få i Gudbrandsdalen. Det eldste som er kjent er ei gravplate i stein frå 1202 ved Fåberg kyrkje over presten i Fåberg som døydde i 1202. Gravplata er smykka med eit latinsk kors og eit hjul gjennom korsarmaene.

Desse elementa går også att på andre gravminne som kan vere frå mellomalderen, eller som i alle fall er av mellomaldersk type. Sjølve steinen er da hoggen som eit solhjul, og som oftast utan tekst. Slike steinar, eller rester av dei, finst det att på alle dei gamle kyrkjegardane i Nord-Gudbrandsdalen, og dei må vere frå før 1700-talet. Men også desse i og for seg anonyme steinane må vere reiste over storfolk, for det finst berre få av dei, og gravminne frå denne tida over døde som kan identifiserast er uten unnatak laga over embetsmenn og andre frå dei øvste sosiale laga.

Av bevara og identifiserte gravminne over embetsmenn finst det også svært få frå før 1750. Ved Vågå kyrkje finst det ein slik stein over presten Christen Muhle frå ca. 1640. Ved Ringebu kyrkje finst det to slike gravplater i stein over soknepresten og kona hans frå sist på 1600-talet, og frå sama tid finst det liknande gravplater i Fron. Men framleis gjeld dette berre unnataka.

## DEI TYPISKE GRAVMINNENE

Frå midt på 1700-talet skjer det ei endring som gjer at det ikkje berre er storfolket som får minne etter seg på kyrkjegardane, men også det breie laget av bønder, om ennå ikkje husmenn. Det som skjer, vitnar om ei større sjølvkjensle hos bøndene, og ei større vekt på det enkelte mennesket. Og forklaringa på dette må vere at det nå skjer viktige endringar i samfunnet, som at bøndene nå i stor grad blir sjølveigarar. Det vaks fram ei stor gruppe sjølveigande odelsbønder.

Dette gir seg uttrykk i at mange fleire enn tidligare får eit varig minne etter seg på grava.



Sandbusteinen frå 1696 er det eldste daterte bondegravminne. Steinen står framleis på Vågå kirkegård.

Og kunstgleda, som kom så klart til uttrykk ved husbygging og innreing, synte seg også på gravminna. Frå 1750 og utover blomstra folkekunsten i Gudbrandsdalen, og talet på gravminne og gravminnetyper er tilsvarende stort frå denne tida.

Dei eldste bondegravminna er laga av stein, slik som embetsgravminna hadde vore. Den eldste daterte steinen over folk av bondestand er reist over brukaren på Sandbu i Vågå som døydde i 1696. Men Sandbu var ein storgard og eit gammalt adelssete, og folket her sto nok over

vanlege bønder. Men så utover 1700-talet tok det til å kome opp enkle steinar, ofte berre enkelt tilhogge, og med berre initialene til den avdøde, og med årstal. Slike steinar er kjent frå heile Gudbrandsdaen frå midt på 1700-talet.

Etter kvart tok også bøndene andre materialer i bruk for å lage gravminne. Frå 1760- og 70-åra finst det ein del smijernskors, spesielt i Lesja og Dovre, seinare også i Gausdal. At smijernskorsa kom spesielt i Lesja og Dovre, heng nok saman med at det her var sterke handverkarmiljø når det galdt smedarbeid, mellom anna i tilknytning til det gamle jernverket på Lesja. Desse smijernskorsa hadde opprinneleg namneplater i jern med innhogne namn, tekst og årstal. På ei slik namneplate på eit kors ved Dovre kyrkje er forøvrig dødsåret til den avdøde skrivi med romertal med runer. Desse jernkorsa vart elles ofte brukte om att ved at det var ei ny gravlegging vart festa på ei ny namneplate i messing. Desse smijernkorsa ser ikkje ut til å ha vore brukte inn i 1800-åra.

Treskjeringa sto høgt i Gudbrandsdalen, og det var nærliggande at folk gjekk til treskjerarene for å lage gravminne. Spesielt vart denne skikken utbreidd i Nord-Gudbrandsdalen. Jacob Bersveinson Klugstad, han som skar altertavla og preikestolen i Lesja-kyrkja, som er blant meisterverka i akantuskunsten, skar også fleire gravminne i tre pryda med akantus. Og ved alle dei gamle gravplassane i Otta-dalen, i Vågå, Lom og Skjåk, vart dette etter kvart svært vanleg. Og gravminne i tre, om ikkje alltid pryda med skurd, men meir i form av enkle brett og trekors, gjorde det etter kvart mogleg for dei lågare laga i samfunnet å skaffe seg gravminne. Såleis finn vi til dømes ved Sødorp kapell i Nord-Fron ei rekke med enkle trebrett som har vore brukte som gravminne over folk frå husmannsmiljø. Men tre er eit forgjengeleg materiale, og slike gravminne sto seg ikkje så lenge mot ver og vind. Svært mange av gravminna av tre er derfor gått tapt. Men i Gudbrandsdalen fanst det god tilgang på eit anna materiale som både heldt seg godt og som var lett å forme med

same type reiskap som treskjerarane brukte. Dette materialet var kleberstein, som gjennom hundreåra hadde vore brukt til mange føremål, og som nå fekk eit nytt bruksområde i gravminna. Til ein viss grad var det dei gamle treskjerarane som tok kleberstein i bruk til dette føremålet. Det er kjent at både Jacob Klugstad, Østen Kjörn og Kristen Listad, alle kjente kyrkjekunstnarar i tre, også laga utskorne gravminne i kleber. Men seinare kom det også spesialister som berre skar i kleber.

### ORNAMENTA OG SYMBOL

Når det galdt gravminne av kleberstein, var det spesielt i Nord- og Midt-Gudbrandsdalen at denne skikken breidde seg. Der var det var god tilgang på råmateriale. Det var også sterkest tradisjonar når det galdt skurd. Ornamenta på desse gravsteinane var i utgangspunktet enkle. Det var akantusmotivet som dominerte, oftast i form av akantusrosar rundt eit lite tekstfelt. Andre figurar og symbol var det lite av, i alle fall på 1700-talet. Vi må ut på 1800-talet for å finne dei meir vanlege dødsymbola, som dødningskalle, korslagte bein, og kiste. Etter kvart vart også andre typer tatt i bruk, som krona som symbol for «Livets krone», og hjartet, som symbol på kjærleik. Ofte vart også skriftstader og salmevers hogne inn i gravsteinen istaden for symbol, spesielt i 1830-40-åra.

*Gravminner i smijern og tre er kjent frå Gudbrandsdalen frå 1750 og utover. Etter kvart overtok kleberstein som er eit meir varig materiale. Dei første klebergravminna som dette frå Vågå fra 1772, var prega av svulmande akantus rundt eit lite skriftfelt.*



## GEOGRAFISKE SKILNAD

Sjølv om gravminne av kleber var i vanleg bruk i store delar av Gudbrandsdalen frå midt på 1700-talet til sist på 1800-talet, og delvis er i bruk ennå, kan det likevel skillast ut visse typer og geografiske område som dominerte til ymse tider. Dette hadde truleg sammenheng med eksistensen av visse handverkarmiljø i dei ymse bygdene. Dei eldste klebergravminna finst i Lesja og i Vågå, og kan til ein viss grad tilskrivast dei store treskjerarane som arbeidde her før 1800. Desse steinane har fått enkle og klare former i utprega akantusstil.

I tida 1800-1820 er senteret for denne produksjonen flytta til Sel. Sjølv om akantusen framleis er ein fellesnemnar, har steinane her fått andre proporsjonar enn dei eldre i Lesja og Vågå, og innslag av nye stilretningar syner seg, som klassisisme og empire. Samstundes blir tekstfeltet større, for det skal vere plass til fleire namn på kvar stein. Det var garden og slekta som trong eit minne, ikkje berre enkeltindividet.

I tida frå 1820 til 1850 blir senteret på ny flytta, og nå til Fron. Og ennå meir enn i Sel, vart nå innskrifta på steinen viktig, i enkelte tilfelle vart heile flata dekkja av innskrift. Men også her finst mykje akantus, og hjarteforma er i stor grad bruk som innskriftsfelt. I tillegg til namn og data om dei døde, er det også ofte hogge inn vers og andre tekster.


Frå 1850 går klebergravminna meir og meir ut av bruk, sjølv om det frå dei siste tiåra i vår tid finst enkelte døme på gravminne som er laga i den gamle tradisjonen. I tillegg finst også ein del gravsteinar i kleber frå vår tid med moderne formspråk.

I dei bygdene som ikkje hadde tilgang på kleber, var nok trebretta dominerande. Men i Sør-Gudbrandsdalen finst det ein del døme på gravminne av skifer, i form av enkle høge og smale skiferplater uten ornamentikk, og med teksta anten hoggen i steinen eller måla på med kvit maling.



*I sørre delen av Gudbrandsdalen har skifer vore brukt som materiale til gravminne.*

*På motstående side: Typiske klebergravminne frå Vågå (øvt til venstre), Lesja (øvt til høyre), Sel (nederst til venstre) og Fron (nederst til høyre). Sjølv om same hovudmotiva går att, har spesielt tekstfeltene fått ulik form og storleik.*



## INDUSTRIEN PÅ FRAMMARSJ

I siste delen av 1800-talet tok dei industriproduerte gravminna over for dei handverksproduerte. Det som kom inn i store mengder var støypejernskorsa og gravplater i støypejern. Dette var ting som var masseprodusert ved jernstøyperia. Med desse gravminna vart den lokale tradisjonen borte, og dei nasjonale normane og symbola kom inn på gravplassane utover bygdene. Dei liggande gravplatene vart nok helst brukte på gravene til embetsmenn og andre høgstatuspersonar, mens dei billigare korsa fekk ein mykje vidare bruk. Likevel var dei nok oftast for dyre for dei små i samfunnet, som heldt fram med å bruke trebrett.

Med industrialiseringa og hamskiftet i bygdesamfunnet, kom det også ei normoppløysing som gjorde seg gjeldane på alle felt, også på kyrkjegardane. Frå rundt 1900 og framover blir det i bruk så mange typer gravminne, at det er vanskeleg å gruppere dei. Felles for dei fleste er at dei er masseproduserte. Ved sida av støypejernminna, kjem mange typar steinar.

Men i dei mest tradisjonsrike bygdene, som til dømes i Nord-Gudbrandsdalen, vart det ennå laga ein del individuelt utforma gravminne, i form av til dømes skap, eller lafta gravminne. Og ennå blir det laga meisterleg utforma gravminne i tre.

Men det som dessverre meir og meir dominerer norske kyrkjegardar, også i Gudbrandsdalen, er dei uniformerte polerte og preglause gravsteinane som er masseproduserte av steinindustrien, og som blir spreidde over heile landet. Dette forflatar i stor grad inntrykket av gravplassane, og drep lokale tradisjonar og skaparglede.

## BEVARING

Ein må for det første bevisstgjere folk om dei rike tradisjonane som finst på dette feltet frå tidlegare tider. Dette kan gjerast ved at ein sørger for å ta vare på dei gamle gravminna som ennå


finast rundt om på kyrkjegardane. Dette kan anten skje gjennom at det blir laga verneplaner for dei gamle delane av gravplassane, eller at ein i det minste sørger for at dei gamle verdifulle gravminna blir tatt skikkeleg varer på sjølv om dei blir flytta frå gravene. Vidare bør lokale handverkarar og kunstnarar inspirerast til å ta opp att gamle tradisjonar når det gjeld gravminne, men dei bør finne formspråk frå vår tid. Endeleg bør ein sørge for at kyrkjetenarane rundt om ikkje har økonomisk interesse i å formidle sal av dei masseproduserte og preglause gravsteinane. Kanskje kan dei heller formidle sal av produkt frå lokale handverkarar?

Kyrkjegardane og gravplassane rundt om i by og bygd er blant dei heilt sentrale kulturminna våre. Det er ingen stader banda mellom generasjonane kjem så klart til synes som her. Derfor bør også estetikk og tradisjonar stå sterkt på desse stadene.

*Dagens situasjon er prega av enkelte gledelege lyspunkt ved at gravminne framleis blir produserte lokalt i tre og kleber. Formene har med tida utvikla seg til å minne meir om vanlege gravminne i stein. Høge slanke tregravminne burde framleis kunne settast opp på kyrkjegardene sjølv om mange vedtekter set klare grenser for høgden.*

*Bildet nedst til høgre viser at mange verdifulle klebergravminne er blitt tatt dårleg vare på, sjølv om det for tida er ei aukande bevisstgjerung også på dette feltet. Dei mest verdfulle av desse gravminna er seinare flytta under tak.*

Arnfinn Engen er fylkekonserverator i Oppland og har ivra mykje for vern av gravminne i Gudbrandsdalen. Artikkelen er eit foredrag som vart halde i samband med Nordisk kongress for kirkegårdskultur i Sandefjord i 1993.



## Prosjektet:

## «Gravminner i Gudbrandsdal»

## Bakgrunn og formål

Gudbrandsdalen er det området i Norge som i størst grad har hatt - og fremdeles til en viss grad har - en egen gravminnekultur ved at det er tilvirket gravminner på stedet i lokale materialer: kleber, skifer, tre og jern. Gravminnenes formgivning har også i stor grad et lokalt tilsnitt ved at mange av dem har motiver brukt i treskjæring - et kunsthåndverk som også har stått høyt i Gudbrandsdalen.

Formålet med prosjektet som ble gjennomført i 1991 var å skaffe oversikt over hva som fremdeles finnes av lokalt tilvirkede gravminner i Gudbrandsdalen. En ønsket samtidig å gjøre dalens befolkning og myndigheter oppmerksomme på hvilke store kulturverdier som finnes på deres kirkegårder og å oppmuntre til at det unike gravutstyret tas vare på på en tilfredsstillende måte. Et annet siktemål var å forsøke å påvirke lokale håndverkere og kunstnere til å utvikle nye gravminner i lokale materialer


*Gudbrandsdalens 26 kirkegårder ligger på rekke og rad langs hoveddaleføret og i sidedalene.*

## Gjennomføring

Registreringer ble utført på 26 kirkegårder i juni 1991. Det ble tilsammen registrert nærmere 700 gravminner, de aller fleste i klebersten, men også en del i tre, skifer og smijern. Kriteriet for registrering var at gravminnene skulle være tilvirket lokalt i stedeget materiale. Alder ble ikke lagt til grunn, slik at også helt nye gravminner i kleber er tatt med i materialet. Det samme

gjelder gravminner i tre som har lokal forankring i sitt formspråk. Samtlige gravminner som fremdeles står på gravfeltene ble fotografert og nummerert. Det ble også laget en oversikt over gravminner som er lagret utenom selve gravene.

Registreringen avdekket at det fremdeles finnes en sterk lokal gravminnekultur i Gudbrandsdalen, spesielt i midtre og nordre del.



Kirkegård	Totalt antall registrerte gravminner på gravfelt	Hvorav gravminner eldre enn 1900	Hvorav gravminner i kleber	Hvorav gravminner i skifer - s, jern - j, og tre - t	Gravminner på lager
Øyer	1		1		Mange
Tretten	6		1	5 s	Mange
Fåvang	11		8	2 s	Mange
Ringebu	14	4	13	1 s	Mange
Venabygd	3		2	1 t	3 stk
Sør-Fron	27	9	27		60 stk
Espedalen	2			2 t	
Sørdorp	16	2	16		Mange
Sørdorp gml.	39	20	39		Mange
Kvikne	18	5	14	4 t	3 stk
Skåbu	13	1	11	1 s, 1 t	
Kvam	37	19	36	1 t	
Selsverket	94	11	91	2 s, 1 t	15 stk
Nord-Sel	9		9		
Heidal	28	3	28		Mange
Vågå	189	14	157	3 s, 29 t	Mange
Garmo	6	10			1 stk
Lom	40	5		3 j, 3 t	29 stk
Bøverdalen	1		1		
Skjåk	25		24	1 t	
Nordberg	5		5		
Dovre	45	24	40	5 j	20 stk
Dombås	2		2		
Lesja	35	19	27	2 s, 4 j, 2 t	Mange (i tre)
Lesjaverk	2	1	2		
Lesjaskog	20	3	8	3 s, 3 t, 1 j	Flere (t)

Oversikt over registrerte gravminner sommeren 1991

Gravminner i skifer som tidligere dominerte de søndre deler av dalen er i ferd med å forsvinne, selv om mange står lagret langs gjerder og bak uthus også her. Gravminnene i kleber har størst utbredelse i Sel og Vågå, men det finnes også bevart en god del i Fronsbygdene og Dovre og Lesja.

Sporadisk finner en eksempler på nye gravminner i kleber og et lite antall i lokal skifer.

#### *Alder på registrerte gravminne*

En relativt liten andel av de registrerte gravminnene, ca. 20%, er fra før 1900. Bare et meget lite antall gravminner

som fremdeles står på gravfeltene skriver seg fra den store blomstringstiden før 1850. Det bemerkelsesverdige er imidlertid den store mengde klebergravminner fra dette århundrede. Det dreier seg tildels om store svært flott utskårne gravminner, de aller fleste i god stand. Disse bør også vies oppmerksomhet. Foreløpig er de ikke gamle nok til å betraktes som bevaringsverdige p.g.a.alder. De bidrar til å gi flere av kirkegårdene sitt helt spesielt preg og bør på mange måter anses som like verdifulle som de helt gamle.

#### *Gravminner på lager*

Mange kirkegårder i Gudbrandsdalen er preget av store mengder klebergravminner (og skifergravminner i de sørligste områdene) som ikke lenger er i bruk, men som står oppstilt langs gjerder o.l. Det dreier seg tildels om gravminner med stor kulturhistorisk verdi fra tiden omkring 1800 og framover. Lagringsforholdene er imidlertid i de fleste tilfelle svært lite tilfredsstillende og fører til at mange av steinene blir ødelagt. Tregravminner er enda mer utsatt for å bli ødelagt av vær og vind. Det finnes en del eksempler på at disse er tatt vare på og montert i egne skur eller på gjerder o.l.

*Det finnes en rekke flotte gravminner i kleber fra dette århundrede.*



## KLEBER

Kleber er en bergart som finnes flere steder i landet, også i flere av Gudbrandsdalsbygdene. Den kjennetegnes ved en grålig til grønnlig farge og med en fettaktig overflate. Den har dessuten liten hardhet og lar seg derfor lett bearbeide med kniv og annen trebearbeidingsredskap.

Bergarten består i hovedsak av talk. Det er et mineral og det har hardhet 1 etter en skala fra 1 til 10 hvor 10 representerer det hardeste mineral vi kjenner, diamant. Talk tilhører silikatene og inneholder magnesium.

Klebersteinen er dannet i forbindelse med den store fjellkjedefoldningen i jordas oldtid for ca. 500 mill. år siden. Det er ingen spesielt gam-

mel bergart i norsk geologisk historie. Kleber har alltid vært en attraktiv bergart. Den har vært brukt til kar og andre huslige hjelpemidler meget langt tilbake. Dessuten har bergarten vært mye brukt i byggevirkosomhet. Mange av de norske steinkirkene er utsmykket med detaljer av kleber. Omramming om dører og vinduer som krevde detaljert bearbeidelse er ofte blitt forarbeidet i kleber. Det har vært og er fortsatt produksjon av ovner og peiser i denne bergarten.

Som det framgår av denne publikasjonen, «Gravminner i Gudbrandsdal», er det altså tilvirket store mengder gravminner i kleber gjennom vel 200 år.



*Kleber er en myk bergart som kan formes med vanlig treskjærerredskap*



## Ikke bare gravminner

Registreringsarbeidet i Gudbrandsdalen har avdekket at dalen har en unik samlig velstelte og velutstyrte kirkegårder som gjør at distriktet utmerker seg i norsk sammenheng.

Foruten et generelt godt vedlikehold består særpreget i vakre kirkebygg, gjerdet, porter og helle-ganger. Mange av kirkegårdene har også en fin vegetasjonsbruk hvor den opprinnelige bjørkeskogen har fått lov til å sette sitt preg på anlegget.




*Øverst Dovre kirkegård med slanke bjørkelegger mellom gravfeltene.*

*På Lom kirkegård (nederst) er til og med inngangen fra kirkegårdens bakside vakkert bearbeidet med overbygget port og skiferhellegang.*

## AKANTUSMOTIVET

Akantus er en plante med sterkt innskårne blader som finnes ved Middelhavet. Dette plantemotivet ble i antikkens Helles (ca. 1500 år f. Kr.) brukt som et dødssymbol og forekom f.eks. på sarkofarger og gravminner. Motivet spredte seg seinere over hele Europa og fremsto i barokken, på 1600- og 1700-tallet, som frodige og svulstige ornamenter på bygningsdetaljer, møbler og andre håndverksprodukter. Etter hvert kjenner vi til at akantusmotivet tas opp i bygdekunsten og dermed i den lokale gravminnetilvirkning i Gudbrandsdalen. Helt fra de første, kjente gravminner i trevirke og kleber og like til dagens gravminner i disse materialene, går akantusmotivet igjen, noen ganger slik at det er helt dominerende på gravminnet og andre ganger mere beskjedent omkring en stor skriftflate. Motivet er der altså hele tida, men det utvikles etter hvert ulike stilretninger i ulike strøk av dalen. Vi kan tydelig skille ut egne retninger i Lesja, Vågå, Sel og Fron. Selv om akantusmotivet er helt dominerende, er det en rekke eksempler på at en også har brukt våre tradisjonelle døds- og oppstandelsessymboler. Dødnings-skallen med korslagte knokler og kransen er relativt vanlig. Det kan variere i hvilken grad kombinasjonen av akantus og annen dekor har vært like heldig.



*Gravminne med akantusmotiv. I dette tilfellet kombinert med andre symboler i form av to engler nederst og et dobbelt skriftfelt.*

# Bevaring av gravutstyr

Av kirkegårdsconsulent Helge Klingberg

Alle kirkegårdene i Gudbrandsdalen rommer kulturhistoriske verdier i form av gravminner fra ulike perioder. Gravminner eldre enn 200 år er imidlertid nok så sjeldne. Det har med gjenbruk av graver gjennom tidene å gjøre. Da blir ofte gamle gravminner skiftet ut. Men det har nok også med ønske om forenklinger og rasjonalisert vedlikehold å gjøre.

Det er verdt å merke seg at det er ikke bare gravutstyr som kan være bevaringsverdig, men også gjerder og porter, murer, bygninger og vegetasjon.

Alle kirkegårdene i Gudbrandsdalen bør ha en plan for hvordan gravminner skal bevares fra ulike perioder.

En bevaringsplan vedtas av fellesrådet. Utstyret på de bevarte gravstedene beholdes av festerne og gravene kan brukes som før. Det må imidlertid settes grenser for utskifting av utstyret.

## Hva skal bevares?

På enkelte kirkegårder framstår samlede områder som bevaringsverdige. I andre tilfeller er det bare utstyret på spredte enkeltgraver som har noen interesse.

Når det utarbeides planer for slik bevaring, må det altså framgå om det er områder eller enkeltobjekter en ønsker å bevare.

Når det gjelder kriterier for hva som skal bevares er det særlig gravminner av lokalt materiale og med lokal tilvirkning en bør stanse opp for.

En opplistning av hva som ellers kan vurderes som bevaringsverdig kan være slik:

- Gravutstyr som er unikt. Dvs. det som en ikke finner maken til på kirkegården.
- Gravutstyr med høy alder. Gravminner eldre enn 100 år bør vanligvis ansees som bevaringsverdig.
- Gravutstyr med stor kunstnerisk eller håndverksmessig verdi.
- Gravminner som har personhistorisk eller lokalhistorisk verdi.
- Gravminner som har sjeldne innskrifter i form av gravskrift eller yrkesbetegnelser, eller hvor symbolbruk er fremtredende.

- Gravutstyr som representerer stilhistoriske perioder.

Det er også viktig å se på hva som er representativt for sin tid og dermed kunne bevare noe fra ulike perioder.

Problemet kan i noen tilfeller være at det synes å være så mye som er bevaringsverdig at det blir vanskelig å sette nøkterne og realistiske grenser for hva en kan rå med.

## Registrering

Når en skal utarbeide en bevaringsplan for en kirkegård, må det aktuelle gravutstyr registreres. Registreringen danner grunnlag for en vurdering av kirkegårdens bevaringsverdi.

En må på forhånd bestemme seg for hvilket nivå en ønsker at bevaringsplanen skal ha, dvs. at en må peke ut de områder eller enkeltgravsteder en ønsker å bevare med bakgrunn i bevaringskriteriene. Der det skal bevares hele områder, bør en antagelig registrere alle gravminner over en viss alder, f.eks. 50 år. Mens der det bare skal bevares enkeltobjekter, registres bare disse og i den grad de ikke allerede er registrert innen bevaringsområdet.

## KULTURHISTORISK REGISTRERING GRAVSTEDER

<b>DATO:</b> 1.07.96	<b>REGISTRERING FORETATT AV:</b> NILS NILSEN		
FYLKE	OPPLAND	KIRKEGÅRD	FAGERHAUG
KOMMUNE	FAGERDALEN	FELT	A
BISPEDØMME	HAMAR	REKKE	1
SOGN	FAGERDALEN	GRAV. NR.	1-2

## PLASS FOR FOTO OG EVENTUELT SKISSE AV GRAVSTED



	JA	NEI	GRAVNR.
Har gravstedet flere gravminner?		X	Hvis ja oppgi gravnr:

TYPE GRAVMINNE				GRAVSTEDETS DEKKE		INNRAMMING	
MATERIALE	Stein	Tre	Jern	Annet	GRAS	X	STEIN
STÅENDE	X				GRUS		TRE
LIGGENDE					HELLER		JERN
RAMME					ANNET		ANNET

	HØYDE	BREDDE	TYKKELSE	LENGDE
Størrelse i cm	90 CM	50 CM	15 CM	

Forslag til registreringsskjema for gravminner - forside

Artikkelen tar utgangspunkt i rapporten BEVARINGSARBEID PÅ KIRKEGÅRDER utgitt av Landslaget for kirkegårdskultur i 1995

**BESKRIVELSE AV GRAVMINNE**

Rektangulært gravminne i kleber.  
Treplassformet topp med utskåret akantusmotiv i relieff.  
Høy sokkel med vulstformet overgang.

**INNSKRIFT**

Torger I Risdal  
født 30-12-1853  
død 28-4-1942

	Nedsenket	Forhøyet	Løse bokstaver	Malt	Annet
TYPE INNSKRIFT	x				

**GRAVMINNETS TILSTAND:**

	MEGET GOD	GOD	DÅRLIG
TILSTAND	x		

**KOMMENTARER:****KULTUHISTORISK VURDERING:**

	Bevaringsverdig	Meget bevaringsverdig
SOM ENKELTOBJEKT		x
SOM DEL AV MILJØ		

Få andre gravminner i kleber på kirkegården

*Forslag til registreringsskjema for gravminner - bakside.*

I en fullstendig bevaringsplan gir en først en beskrivelse av kirkegårdens lokalisering og etappeinndeling med tidfesting av når hver del ble tatt i bruk. En beskriver og tidfester også gjerder, porter, murer, vegger, bygninger og vegetasjon. Dernest skrives de bevaringsverdige gravstedene.

Det skjer ved at de registreres på en særskilt utgave av gravplanen, og at de måles og fotografes. Dertil gis en beskrivelse av deres utseende, avskrift av teksten og en vurdering av deres generelle tilstand og bevaringsverdi.

Disse registreringene samt et sort/hvittfoto samles på et registreringsskjema.

Den generelle beskrivelsen av kirkegården og alle registreringene, danner tilsammen grunnlaget for bevaringsplanen. Det er nok vanskelig å skaffe ekstern ekspertise til å foreta registreringene. Det vil f.eks. Riksantikvaren eller fylkeskonservatoren neppe ha kapasitet til. Det kan derimot skje ved kirkegårdens egne folk, supplert med historielagsfolk eller andre med kjennskap til historie og de lokale forhold.


En kan derimot innhente antikvariske råd når det foreligger et utkast til en plan.

**Eiendomsforhold**

Det gravutstyret som står på festede gravsteder eies av festerne og de er ansvarlige for vedlikeholdet av det. Dette utstyret kan eierne fjerne fra kirkegården når som helst og erstatte med utstyr som er i samsvar med bestemmelsene for gravminner. Selv om det er vedtatt bevaring av utstyret kan det fjernes uten at kirkegårdsmyndighetene kan gripe inn. Men det kan bestemmes at det ikke kan erstattes av nytt, eller bestemme at det bare kan erstattes av utstyr som er spesielt godkjent.

Bevaring av gravutstyr fører normalt ikke med seg noen begrensninger i bruken av gravstedet.

Gravutstyr på gravsteder som ikke lenger er festet og ikke fjernes av eieren, tilfaller kirkegården etter et halvt år. (gravferdsloven av 1996). Dersom slikt utstyr skal bevares, blir det kirkegårdens plikt å sette det i stand og holde det ved like. Graver med slikt utstyr bør som regel ikke festes bort på nytt. Det kan være vanskelig å tilby et gravsted med gammelt gravutstyr og personnavn til fremmede.

**FAGERHAUG KIRKEGÅRD - FELT C**

*Det utarbeides et kart over hvert gravfelt hvor gravminner som er vurdert bevaringsverdige merkes av.*

### Plassering av lagrede gravminne

På de fleste kirkegårder i Gudbrandsdalen finns det gravminner som er satt til side fordi vedkommende grav er slettet eller fordi festeren har anskaffet nytt gravminne og ikke tatt hånd om det gamle. Slike gravminner er kirkegårdens eiendom når det er mere enn 6 måneder siden festeforholdet opphørte. Det er derfor opp til kirkegårdsmyndighetene å bestemme om de skal avhendes eller bevares.

Gravminner som en ikke ønsker å bevare bør knuses, senkes på dypt vann eller graves dypt ned i søppelfylling, slik at de ikke blir gjenfunnet. I de to sistnevnte tilfellene skal navn og data fjernes.

Gamle gravminner som ikke skal bevares kan selvsagt også tilbys til folk som trenger et gravminne. Den gamle teksten må ta tas bort og erstattes av ny.

De gravminnene som vurderes som bevaringsverdige, må en finne en egnet plass til.

En kan tenke seg følgende muligheter:


1. Gravminne kan settes tilbake på den plassen de opprinnelig sto, eller så nær dette stedet som mulig. Hvert gravminne vil da oppta en gravplass.

2. Hvis en ikke finner ut hvor gravminnene egentlig hørte hjemme eller det ikke er plass der, kan de settes i en «museumsavdeling». Dvs. at



Over: Det er nylig blitt montert et skjul for gamle gravminner på Dovre kirkegård.

Under: Eksempel på museumsavdeling for gamle gravminner hvor det tydelig framgår at disse ikke står på graver. Bildet er hentet fra Danmark



Skisse som viser forslag til utforming av skjul for gravminner

en tar i bruk et område på kirkegården til bevaringsverdige, men «hjemløse» gravminner. I en museumsavdeling bør en sørge for å montere gravminne slik at området ikke kan forveksles med et ordinært gravfelt. De kan f.eks. monteres i en ring, i en bue, i en slyngende rekke eller spesielt tett. Det kan tenkes at gravminner av denne typen kan monteres slik at de utgjør et verdifullt arkitektonisk element på kirkegården.

Enkelte gravminner av løse bergarter eller trevirke må kanskje oppbevares under tak dersom de skal kunne bevares. Ellers vil vær og vind tære for hardt på dem. Det finns vellykkede eksempler på at de er samlet under et særskilt tak som er bygd på en passende del av kirkegården. Det finns flere mer eller mindre gode eksempler på bevaring i under tak i dalen.

Når det etableres en museumsavdeling på kirkegården kan en med fordel informere publikum om at gravminne på stedet er bevaringsverdige, men tilfeldig plassert. Det kan f.eks. skje ved en diskret plate i bakken.

Tiloversblevne gravminner som er plassert tilbake på sitt opprinnelige sted eller i en museumsavdeling, er kirkegårdens eiendom, og en må ta ansvar for dem, slik at de ikke forfaller.

### Vedtaket av bevaringsplanen

Når det foreligger et gjennomarbeidet planutkast, kreves det bare vedtak i kirkelig fellesråd før den er gyldig og kan settes ut i livet.

Vedtaket innebærer ingen fysiske endringer av kirkegården, derfor kreves ingen overordnet godkjenning.

Hvis det i planen forutsettes at det skal etableres en museumsavdeling, som kanskje også delvis er overbygd, kreves imidlertid godkjenning i bispedømmerrådet.

Planen må antagelig følges av særskilte regler som fortrinnsvis bør være et tillegg til kirkegårdsvedtektene. Da kreves også overordnet godkjenning.



**Utgitt av  
Landslaget for kirkegårdskultur  
1996**